# *OSTERØY IL* *VALESTRANDSGRUPPA* *ÅRSMELDING 2005*

**Val av styre for 2005 (valt på årsmøtet 15.2.2005)**
**Leiar: VIDAR SIMMENES (05), Kasserar: BERTA SEIME (05-), Sekretær: KARI STAMNES (05-)**
**Varamedlemer 05: LEIV MJELDE, og MAGNHILD STRØMSNES. Valnemnd 05: KARI STAMNES (leiar)**
***(Redigering av årsmelding i samsvar med hovedstyre vedtak 26.9.1996)***

**1. Medlemstal.** Ikkje vore praksis for stadgrupper i laget å føra medlemsoversikt. Medlemsregistrering og gruppetilknyting vert ivaretake av «særgruppene» som har representasjonskostnader på deltakarar og lignende.

**2. Styremøte/saker.** Det har i 2005 vore 2 arbeids/styremøte. Sesongavslutting i gymsalen med 49 tilstades. Aktiviteten er uendra og i samsvar med årsplan vedteke på årsmøte.

**3. Anlegg.** Gruppa sine aktiviteter er i hovedsak lagt til Furubakken idr.plass og områder i Valestrandsmarka m.m. Gruppa har i 2005 løyvd kr. 5.000,00 til vidare utbygging av tribunen på Furubakken. VHFK har presentert planar for kunstgras på Furubakken.

**Furubakken idrettsplass**: Det er og utført reparasjon og vedlikehald på m.a. sarg som er påført skader ved brøyting og bilkjøring på bana. **Banehus:** Lagerrom for Osterøy IL, friidrettsutstyr og Valestrandsmarka Rundt

**Turvegar**: Det er utført ein del vedlikehald på turvegane i 2005. Turvegane vert mykje nytta til både trening, arrangement og ikkje minst for bygdafolk og andre som ønskjer å halda seg i form. lLøypekartet med lengder på Websida med adresse: **http://home.online.no/~vidsimm/**

**Utstyr**: Prioritert tidsmessig utstyr (tidtakarutstyr, resultat/info, arkiv, merke/medaljer, reklame o.l.).

**4. Økonomi.** Det vert ført i fortløpande internrekneskap som også kan nyttast som årsrekneskap. Utlodninga i samband med premieutdelinga for VM 14.10.2005 gav brutto kr.1.165,-. Årsresultatet –kr. 14.147 skuldast investering i kjøp av Caps og luer til utdeling ved VM, marsjmerke og løyving til vidare utbygging av Tribuna på Furubakken.

| **pr.** | **31.12.2005** | |
|---|---|---|
| Saldo bank | 14.720,10 | årsresultat 2005 kr. – 14.147,00 |
| Kassa | 000,00 | |
| Verdi utstyr m.m. | 14.036,00 | Sjå eigen spesifikasjon |
| **Sum** | 28.756,10 | |

**5. Sportslege tiltak.** 15 løpsarrangement. **Valestrandsmarka rundt:** Totalt 12 løp med 78,8 i snitt. 254 delt. (145 m og 109 k). Ordninga med 2 starttider fungerar godt. "Gåande" og dei som har det mindre travelt startar 15 minutt før hovedfeltet. I 2005 har ca halvparten vore «gåande» i kvart løp. I VM3 var det innlagt fredsmarsj og i 5. løp var det innlagt 100 års marsj. Resultat vert lagt ut på internett løpsdagen. Desse 7 har i 2005 vore med på alle løpa :
**Tor Bjarte Reigstad, Øyvind B Mjelde, Anders B Mjelde, Vidar Simmenes, Anders Hauge, Liv Simmenes, og Randi Kleppe.** Bestetider for Bente R Midtun med 17.15. Bjarte Vik og Jan R Solberg med 15.49. Snittida for dei 10 beste kvinnene 20.19,7 og 16.30,5 for mennene dette året. Årets løpar etter poengskala 7,5,4,3,2,1 i kvart løp vart Monika Bru 48 poeng og Jan R Solberg med 63 poeng. Dei vart ved avsluttinga tildelt VM ryggsekk for innsatsen. Det er delt ut 48 diplomar (til dei som er 12 år og yngre og som har vore med på minst 2 løp.
I 2005 er det delt ut 21 merke for dei som har vore med på minst 10 løp gjennom alle år. Vidare 12 bronse for minst 25 løp, 6 sølv for minst 50 løp og 4 gull for minst 100 løp og 3 statuttar for 250 løp til Liv Simmenes, Vidar Simmenes og Kari Stamnes. Flest løp i "kvinneklassen" har Liv Simmenes med 259 og Kari Stamnes med 254. I herreklassen: Idar Elvik 272 løp og Vidar Simmenes 256. Sidan 1981 har 4 kvinner og 5 menn har vore med på 1 eller fleire løp kvart år. Samla deltakartal 1981-2005 er no 860 menn og 706 kvinner = 1566.
Det er også arrangert jaktløp, juleløp og nyttårsløp. Største tal deltakarar i eitt løp i 2005 var 115.
**Idettsmerkeprøver:** Pr 31.12.2005 har 16 frå Valestrand klart krava (med adr. 5281 som klarte krava). I 2005 er det 1 person med krava til statuett og meir. Idrettsmerkestatuett Helga Reigstad for 15g kravet. **Ymse:** Folk frå gruppa har som vanleg vore med og hjelpt til ved ulike tilskipingar som Osterøy I.L. har hatt i løpet av året.

**6. Framtidsplanar.**
*Årsmøte vedtok 15.2.2005. Organisatorisk vil årsmøtet rå til at aktivitetane vert underlagt friidrettsgruppa frå 2006. Det vil sei at stadgruppa sine aktiviteter pr. 2005 som i hovedsak er Valestrandsmarka Rundt inngår i Friidrettsgruppa sine aktiviteter tilsvarande som for t.d. Haustrimmen. Aktiviteten vert styrt av ein ansvarleg som har ansvar for gjennomføring og rapportering m.m. til friidrettsgruppa sitt styre.* Eignelutar og kapital vert og overført til *friidrettsgruppa.*

**7. Oppsummering.** Det er i 2005 teke bilde frå mange av løpa/arrangement og løparane. Bilde frå ulike løp/aktivitetar er og tilgjengeleg på internettsida: **http://home.online.no/~vidsimm/**
Styret takkar for godt samarbeid i 2005. Vidare også takk for fin innsats til alle som har vore med og hjelpt til for å få gjennomført gruppa sine aktiviterar i året som har gått.

**Årsrekneskap og årsmelding vert lagt fram for hovedlagsårsmøte til godkjenning.**

**Vidar Simmenes leiar 2005**

# OSTERØY I.L./Valestrandsgruppa - STATUS - pr.31.12.2005

| konto | TEKST | pr. 31.12.2005 | Merknad/tekst siste år. | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1850 | 1 SEIKO STOPPEUR m skri | **0,00** | Kjøpt i 92 for 2600. nedskrives 10 % pr år | | | | | |
| 1850 | STARTNR. | **0,00** | 300 NR Kjøpt i 98 for 7132 nedskrives 20 % pr år | | | | | |
| 1850 | ARRANGØRTELT | **0,00** | Kjøpt i 98 for 834 nedskrives 20 % pr år | | | | | |
| 1850 | MÅLEHJUL | **0,00** | Kjøpt i 98 for kr.2603 nedskrives med 20% pr. år | | | | | |
| 1850 | 8 stoppeklokke | **0,00** | kjøpt 98-00 nedskrives med 20 % pr. år. | | | 588 | | |
| 1850 | Vaffeljern-dobbelt | **420,00** | kjøpt 2004 kr.700 nedskrives med 20 % pr. år. | | | dobbelt vaffeljern | | |
| 1850 | Ropert | **266,00** | kjøpt Ropert i 2003 kr.665 nedskrives med 20 % pr. år. | | | | | |
| 1850 | Salsmateriell (skjorter) | **200,00** | | 5 | 40 | | | |
| 1850 | DIPOLMAR VM | **250,00** | | 50 | 5 | | | |
| 1850 | MEDALJER VM | **800,00** | | 80 | 10 | 0g | 0s | 100 |
| 1850 | MERKE VM | **3500,00** | | 350 | 10 | | | |
| 1850 | NORGE RUNDT merke | **2300,00** | | 230 | 10 | opptalt | | |
| 1850 | Marsj. Jub merke | **1000,00** | | 100 | 10 | opptalt | | |
| 1850 | Luer jub art. | **4800,00** | | 80 | 60 | opptalt | | |
| 1850 | Forbruksmateriell | **500,00** | | | | | | |
| 1850 | Div materiell/avrunding | | | | | | | |
| | sum eiendeler og lignende | **14036,00** | | | | | | |
| 1010 | KASSE | **0,00** | | | | | | |
| 1037 | BANKINNSKOT | **14720,10** | pr.31.12.05 | | | | | |
| | SUM TOTALT | **28756,10** | | | | | | |

| **BALANSE 2005** | **aktiva:** | |
|---|---|---|
| 1010 kassa | 0 | |
| 1850 eiendeler | 14036 | |
| 1037 bank 6537.05.06595 | 14720,1 | 31.12.2005 |
| sum omløpsmidlar | **28756,1** | pr.31.12.2005 |
| **BALANSE** | **passiva:** | |
| 1037 bank 6537.05.06595 | 28867,10 | pr.1.1.2005 |
| eiendeler | 14036 | pr.31.12.2005 |
| årsover/underskot siste år | -14147 | 2005 |
| sum gjeld og eigenkapital | **28756,10** | pr.31.12.2005 |